1

Bruvik den 20/3 -69.

# Årsmelding for Hausvik Fotballklubb.

Hausvik Fotballklubb har i 1968 deltatt i 6 divisjon II avdeling. Vi har der spela 14 seriekampar. Utanom dette har laget spela 7 privatkampar. Vi har også hatt eit gutelag i 1968, men på grunn av svært dårleg økonomi har det ikkje deltatt i serien, men kun spela privatkampar. Laget har i 1968 arrangert 3 dansar. Som avslutning på sesongen arrangerte laget privatfest på Vik, for alle medlemane.

På årsmøte (13/12-68), blei det beslutta at økonomien til laget desverre er så dårleg at ein ikkje fant det økonomisk forsvarleg å stilla lag i serien 1969. Spelarane i laget vårt bur jo svært spredt, (Votlo, Mjeldalen, Haus, Bruvik) og dertil kjem at vi ikkje har noko bana. Om vinteren har

vi trent i Mjeldalen Ungdomshūs, mens vi, om sūmaren har trent på ein liten flate på „lekkneset", samt på Brūbakkane. Dette har fört til at vi har fått ein kolosal utgift i transport av spelara. På grūnn av at vi ikkje har eiga bana, har vi måtte leiga Espeland Stadion til heimekampane våre i serien, dette har også vore i stor ūtgiftkjelda på grūnn av hög bane og garderobeleiga.

Haūsvik Fotballklūbb vil i 1969 fyrst og fremst satsa på å retta opp ökonomien slik at vi i 1970 kan stilla med lag i serien att. (Vi har betalt vår kontigent til kretsen for 1969, og dermed beholdt våre rettighetar til å bli med att i serien i 1970.) Vi håpar at den planlagte leikeplassen og bana i forbindelse med den nye skūlen i Haūs vil bli ferdig til 1970. Dette vil spara oss for store

utgifter når det gjeld bane-garderobe-leiga, og transport. Seniorlaget har i 1968 bare trent kvar for seg, mens vi ein gang i veka har hatt trening for eit gūteparti i Mjeldalen Ungdomshūs. Vi vil altså i år satsa på privatkampar for både senior og gūtelag, med det håp at vi i 1970 har opparbeid oss ein så god økonomi at vi kan stilla både gūte- og seniorlag i serien.

Laget hadde i 1968 24 medlemmar over 16 år, og 15 ūnder 16 år.

For Haugsvik Fotballklubb.
Åge Nordås
(formann.)
adresse 5247 Brūvik

(Vedlagt årsrekneskap.

4 Regnskapet for 1968.

Utgifter:

| | | |
|---|---|---|
| Jan. 20 | Serieavgift 1968 + porto | 10,40 |
| " 24 | Vask av fotballdrakter | 60,- |
| " 31 | Kjöpt 6 fotballer | 63,- |
| Feb 3 | Frakt Johs. Hundhammer | 30,- |
| " 14 | Kjöpt 3 fotballer | 29,- |
| " 21 | " bok hos Beyer | 4,30 |
| Mars 23 | Fotballutstyr hos Roald Carlsen | 352,- |
| April 19 | Knebeskyttere - " - | 17,- |
| " 30 | Frakt Hermund Åsheim | 30,- |
| Mai 4 | Dömming av kamp. (Hjellestad) | 30,- |
| " 4 | 1 fotball (Berstad) | 65,50 |
| " 7 | Serieavgift + porto | 60,40 |
| " 18 | Döming av kamp | 20,- |
| Juni 16 | - " - (H. Olsnes) | 26,- |
| " 23 | 1. fotball | 96,- |
| Aug. 13 | Frakt Ø. Litland | 225,- |
| " 13 | Underskudd på dans | 105,05 |
| Nov 7 | Frakt Ole Skulstad | 215,- |
| " 8 | Bet Grendahuset L/L | 51,- |

Vend

5

| | Utgifter: | |
|---|---|---|
| Nov. 24 | Döming av seriekamp | 12,- |
| Des. 12 | Kjöring S. Hausvik | 100,- |
| " 12 | Baneleige. Arna Kommune. | 100,- |
| " 12 | Div. fotballutstyr | 137,63 |
| " 12 | Garderobeleige Espelandshallen | 50,- |
| | | 1889,28 |
| | Inntekter: | |
| Jan. 1 | I kassa | 193,27 |
| " .13 | Inntekt på dans | 790,96 |
| Aug. 2 | " på dans. | 532,49 |
| " .30 | Mottatt fra Osteroy Kommune | 300,- |
| Des. 12 | Kontigent for 1968 | 90,- |
| | | 1906,72 |
| | Inntekter | 1906,72 |
| | Utgifter | 1889,28 |
| | I kassa | 17,44 |
| | Ubetalt regning for kjöring ved Steinar Hausvik | kr. 750,- |